

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Sjernarøy.

Emne: Joletre og jolehalm.

Bygdelag: Nord-Hidle.

Oppskr. av: Johannes Hidle.

Gard: Nord-Hidle.

(adresse): Nord. Hidle

G.nr. 12. Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. No er joletre vanleg i bygdi.
2. Fyrste gongeg kjenner til joletreet, vart det brukt på og sein sundagsskulefest. Det var kring 1890. Sidan kom det inn i heimane litt etter litt.
4. Ikkje vanleg stasa stova ut med grøne kvister, halmkruner eller liknande, det måtte då vera nokre blad av kristtorn, beinved me kallar.
5. Heller ikkje no dei kanha joletre pyntar dei med grønt noko sers, det måtte vera beinvedblad, som under 3 nemnt.
6. Joletreet vart vanleg sett midt i stova og rakk upp under bjelkane, kring 2,5 til 3 meter.
7. Det vart pynta med joletrekorger, englehår, papirlenkjer, flagg-band, eple, appelsiner og ikkje å glöyma ljós. I toppen helst ei stjerna. *eller "egjet"*
8. Born og vaksne pyntar det. Er borni små, står dei vaksne for det, er dei store klarar dei det åleina.
9. Det stod fritt på golvet når dei gjekk kring det, elles stod det i ei krå. Under festar midt på golvet. No har sume eit lite på eit bord, stundom.
10. Ljosi vart tende jolafta, Stundomkunde dei tenna ljosi fleire kveldar, serleg um der kom framande born inn, men ikkje nokon viss kveld, det måtte då vera nyttårsafta, etter det eg minnest.
11. Under festar og i heimen går dei kring og syng jolesalmer og -songar og fedrelandssongar og andre, t.d. songleikar. Er der berre vaksne, vert det lite og inkje med gonga.
12. Oftast vart det ståande inne til yver trettandagen, eller noko yver nyttår, gjerne til nålene byrja dyssa av det.
13. Var der born fekk dei lov "hausta" det før det skulde ut, pynten vart teken og pakka ned. Uttrykket "hausta" det er nyare.
14. För var fura vanleg til joletre, no mest gran.
15. Ukjent at dei laga joletre av anna enn fura og gran, det måtte då vera at dei stundom nytta ein brake, men aldri på festar.
16. Jolebandet sette dei upp i eit tre, addri på sers staur.

Jolehalm.

1. Sume gamle snakkar um at dei har höyrt gite jolehalm, men han har ikkje vore i bruk i dei siste 80-100 år (1850-70).
2. Halmen skulde ikkje havore vondla når dei brukte han inne.
3. Den vart breidt jamt utsyver, soleis det höve liggja på.
4. Etter det eg har spurt, skulde det berre ha vore sjølve jolenotti dei låg i han på golvet. Nokon grunn for dette visste dei ikkje um.